

Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 16.09.2020

Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering gav slikt svar:

«Spørsmål frå Kjell Håland (AP):

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) vart i førre møte den 08.09.d.å. orientert om at Vestland fylke har sagt opp samarbeidsavtalen om planlegging og gjennomføring av den årlege Kulturfestivalen i Førde. Samarbeidsavtalen mellom Sogn og Fjordane foreining for utviklingshemma (NFU), Universitetet i Bergen v/Griegakademiet og Sogn og Fjordane fylkeskommune vart inngått i 2009.

Denne festivalen har vore svært viktig for deltakarar frå heile Sogn og Fjordane, og Sogn og Fjordane fylke har gjennom mange år hatt ei aktiv rolle i dette arbeidet. Festivalen har samla deltakarar som elles har lite tilgjenge til slike arrangement, og på festivalen får dei delta aktivt på ulike kurs, leia av profesjonelle kunstnarar og aktørar. M.a. har Griegakademiet v/Universitetet i Bergen lagt studentane si deltaking inn i studieplanane sine.

Vestland fylke opplyser til NFU at den fylkeskommunale bistanden frå no av vil vere av meir rettleiande karakter, og at festivalen må søkje om midlar gjennom eksisterande tilskotsordningar.

Kulturfestivalen i Førde er eit yperleg døme på eit vellykka samarbeid mellom tilsette ved fylkesmusikkterapisenteret, NFU Sogn og Fjordane og Fylkeskommunen, og det vil være svært viktig at dette tilbodet blir sikra vidare drift - og om mogleg utvida til å gjelde heile Vestland fylke.

Korleis ser fylkesdirektøren føre seg at ein kan sikre vidare drift for Kulturfestivalen, og vil ein ta initiativ til å sikre at festivalen blir eit fast årleg tilbod som også kan utvidast og utviklast vidare?

Svar:

Sogn og Fjordane fylkeskommune, NFU Sogn og Fjordane (Norsk forbund for utviklingshemmede) og Griegakademiet har i fleire år samarbeidd om Kulturfestivalen i Førde. Fylkeskommunen har hatt ei aktiv rolle i planlegging og gjennomføring, og Griegakademiet har hatt musikkterapistudentar i praksis på festivalen. I 2009 vart det inngått avtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune, NFU Sogn og Fjordane og Griegakademiet der fylkeskommunen tok på seg å dekkje reise til og opphold ved festivalen for 12 studentar. NFU Sogn og Fjordane har i tillegg søkt om støtte til festivalen over fylkeskommunens ordinære tilskotsordningar.

Då avtalen om dekking av reise- og opphaldsutgifter for studentar frå Griegakademiet vart inngått, var det etablert eit senter for musikkterapi i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Senteret hadde på det meste to faste stillingar som musikkterapeutar, og dei hadde ein stor del av sin oppgåveportefølje knytt til utøvande verksemeld. Personalressursen ved senteret vart seinare redusert til éi fast stilling i samband med innsparinger i fylkeskommunen, og senteret sine oppgåver vart fasa inn i kulturavdelinga under fagområdet kultur og helse. Samstundes vart aktiviteten i større grad lagt om til rådgjeving, prosjektarbeid og innsats på systemnivå.

Kulturfestivalen vart vurdert til å ha eit stort utviklingspotensial, og har heile tida vore sentral i dette arbeidet. Etter omlegginga var det likevel ikkje lenger naturleg for fylkeskommunen å vere direkte inne i den konkrete planlegginga og gjennomføringa av kulturfestivalen. Som følgje av det vart avtalen med NFU Sogn og Fjordane og Griegakademiet om dekking av reise- og opphaldskostnader for studentane sagt opp 01.07.2020. NFU Sogn og Fjordane vart oppmoda om eventuelt å innlemme desse kostnadene i ordinær søknad om støtte frå Vestland fylkeskommune.

Fylkesdirektøren ser kulturfestivalen som eit viktig og verdifullt tiltak, og fylkeskommunen vil bidra med råd og fagleg støtte i utviklinga av festivalen. Kulturfestivalen vil elles kunne søkje om tilskot frå eksisterande fylkeskommunale støtteordningar.»